



Arkivnr: 2019/10555-2

Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Klagenemnda		03.06.2019

Klage over Statens vegvesen sitt vedtak av 09.04.19 i høve søknad om utvida bruk av avkøyrsløse for gnr 21 bnr 443 i Bergen kommune

Samandrag

Hilleren Prosjektering AS har på vegne av Anders Glesnes klaga over vedtak gjort av Statens vegvesen om ikkje å gje løyve for utvida bruk av avkøyrsløse frå fylkesveg 565 til/frå gnr 21 bnr 443 i Bergen kommune. Fylkesrådmannen finn at det vil vere i strid med 0-visjonen, og såleis nasjonale og regionale tverrpolitiske mål, å ta klaga til følgje. Fylkesrådmannen rår difor til at det ikkje vert gjort.

Økonomi: Ingen verknader.

Klima: Ingen verknader.

Folkehelse: Det vil vere i strid med 0-visjonen å ta klaga til følgje.

Regional planstrategi: Ingen verknader.

Forslag til vedtak

Klage av 04.12.18 frå Hilleren Prosjektering AS på vegne av Anders Glesnes over vedtak gjort av Statens vegvesen 29.11.18 vert ikkje teke til følgje.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 07.05.2019**Bakgrunn**

Klagenemnda har i brev av 09.04.19 frå Statens vegvesen ('SVV') fått oversendt til handsaming klage av 04.12.18 ('klaga') frå Hilleren Prosjektering AS på vegne av Anders Glesnes ('klagar') over vedtak gjort av SVV 29.11.18 ('påklaga vedtak') i høve søknad av 25.09.18 ('aktuell søknad') frå klagarane.

Tidlegare søknad

I forkant av den avslåtte søknaden som denne saka gjeld, sendte klagar i brev av 31.10.17, først slik søknad ('tidlegare søknad'):

Det planlegges oppføring av en ny bolig med tre enheter på gnr. 21, bnr. 443. Det søkes derfor om utvidet bruk av avkjørsel for tre nye enheter på gnr. 21, bnr 443.

Den omsøkte avkjørselen er regulert i reguleringsplan - 7260000 FYLLINGSDALEN. STRAUMEVEGEN. PARSELL SÆLENVEGEN - STRAUME BRO .

Tiltakshaver opplyser at han selv, samt hans nabo på gnr. 21, bnr. 50 har fått endret sin tilkomst fra den omsøkte avkjørselen til en tilkomstvei på oversiden av eiendommene. Reelt sett er det derfor to enheter som har sluttet å bruke den omsøkte avkjørselen. Det planlagte tiltaket vil derfor bare medføre en økning på en enhet utover den etablerte bruken. Vi håper derfor utvidet bruk av avkjørselen kan gis.

Tidlegare vedtak og grunngjeving

I høve den tidlegare søknaden gjorde SVV i brev av 22.03.18 vedtak ('tidlegare vedtak') med same ordlyd som det påklaga (sjå seinare i saka). Dette tidlegare vedtaket blei ikkje påklaga.

Grunngjevinga for det tidlegare vedtaket (sjå seinare i saka) hadde også same ordlyd som det påklaga, bortsett fra at det i grunngjevinga for sistnemnde er teke inn eit ekstra avsnitt (nummer tre) tilpassa at den aktuelle søknaden er noko annleis frå den første:

Aktuell søknad

I brev av 25.09.18 sendte klagar ny søknad. Det er denne saka direkte gjeld. Denne søknaden er formulert som følger på neste side:

Ønsker å endre søknaden ifra 3 boenheter til 1 enebolig med hybel (med tilgang ifra bolig) og til dette prosjektet ønsker jeg å bruke min eksisterende dobbelt garsje og utkjørsel som hører til mitt nåverende hus, med tideligere adresse Straumevegen 189, som har fått ny adresse og ny utkjørsel i Straumshaugen med utkjørsel i Sælenveien, den nye adressen er Straumshaugen 10 C for mitt eksisterende hus.

Dette nye prosjektet vil øke kvaliteten på veien opp til Bjørkedalen, med breier vei og mindre helling og med varmekabler, dette er noe jeg har lovet naboene om jeg får dette til.

Kartet som er vedlagt, viser eksisterende garasje og leilighetskomplekset med 3 leiligheter som var først tiltenkt, det vil jo blir forandret.

Påklaga vedtak

Det påklaga vedtaket er følgjande:

Med hjemmel i vegloven [§ 40](#) avslår vi søknad om utvidet bruk av avkjørsel fra fv 556 til eiendom gnr. 21 bnr. 443 i Bergen kommune.

Nemnde føresegn lyder slik:

§ 40. Avkjørsle frå offentleg veg må berre byggast eller nyttast etter reguleringsplan eller arealdel av kommuneplan etter plan- og bygningsloven.

Ligg det ikkje føre nokon reguleringsplan som nemnd, eller planen ikkje omfattar avkjørsle må avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå regionvegkontoret og avkjørsle frå kommunal veg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå kommunen.

Regionvegkontoret kan krevje at avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg skal byggast etter ein plan det godkjenner. Kommunen kan krevje at avkjørsle frå kommunal veg skal byggast etter ein plan den godkjenner.

[...]

Grunngjeving for vedtaket

SVV si grunngjeving for det aktuelle vedtaket er følgjande:

Statens vegvesen skal i vurdering legge vekt på framkommelighet og trafikksikkerhet på vegen det er søkt om avkjørsel fra.

Vi har vurdert søknaden og kommet fram til at vi ikke kan godkjenne utvidet bruk av avkjørsel både av hensyn til framkommelighet på fylkesvegen og trafikksikkerheten. Fv. 556 har fartsgrense på 60 km/t og stor trafikk, ÅDT på 14300.

Selv om antallet boenheter er redusert i ny søknad er ikke dette avgjørende for vår vurdering. Avkjørselen det søkes utvidet bruk av er ikke egnet for flere brukere. Søker argumenterer med at eiendommen hans som tidligere hadde adkomst fra omsøkte avkjørsel nå har adkomst fra kommunal veg og at det i prinsippet ikke vil bli en økning i antall enheter som bruker avkjørselen. At eiendommen har fått tilkomst fra kommunal veg gir en bedre situasjon for trafikksikkerheten og framkommeligheten på fv 556, ved å tillate ny bruk av avkjørselen vil situasjonen forverres.

Statens vegvesen har en nullvisjon om null hardt skadde eller drepte i trafikken, og denne visjonen ligger til grunn i alt arbeidet vi gjør – inkludert enkeltsøknader om f.eks. avkjørsler. En viktig del av dette arbeidet er å sikre at avkjørsler er trafikksikre. Ved søknader om økt bruk blir det dermed stilt krav til utbedring etter dagens vegnormal (blant annet håndbok N100 og N200), som er utarbeidet av eksperter på området og hjemlet i vegloven § 13.

[Framhald på neste side.]

I rammeplanen for avkjørsler og byggegrenser er fylkesvegen forbi omsøkt avkjørsel vist med holdningsklasse 2. Det innebærer blant annet at:

- Antall avkjørsler til vegene skal være svært avgrenset.
- Nye avkjørsler, unntatt til primærnæring som er bundet til arealene, bør avklares i reguleringsplan. Valg av sted for avkjørsler må vurderes nøye med tanke på den framtidige arealutviklingen
- Godkjenning til utvidet bruk av avkjørsel bør avgrenses. Dette gjelder særlig for boligavkjørsler.

Eiendommen det søkes utvidet bruk av avkjørsel til er ikke regulert, men vises i kommuneplanen for Bergen (KPA2010) som bebyggelse og anlegg. KPA2010 har et generelt plankrav for alle tiltak innen dette formålet. Det kan gis unntak fra plankravet for mindre utbyggingstiltak på bebygd boligeiendom der forhold til transportnett, kulturverdier og lovverk er ivaretatt. I dette tilfellet er ikke forholdet til transportnettet avklart, tiltaket vil dermed ha plankrav.

Nemnde § 13 i veglova lyder slik:

§ 13. Departementet gir føresegner om anlegg av offentlig veg (vegnormalar).

Klaga

Klagegrunnlaget, i utdrag fra klaga, lyder slik:

Vedtaket er i hovedsak begrunnet med at avkjørselen det gjelder ikke er egnet for utvidet bruk. Videre argumenteres det med at det er uten relevans at eksisterende bolig på eiendommen har fått ny tilkomst fra kommunal vei.

Realiteten i situasjonen er at eksisterende bolig i dag har en garasje på eiendommen som brukes til 3 biler, og tilkomst til denne er sikret gjennom nevnte avkjørsel fra fylkesvei. Avkjørselen er dermed til bruk per i dag, for parkering i eksisterende garasje. Den eksisterende eneboligen har i tillegg ny adkomst til selve boligen fra kommunal vei. Omsøkte tiltak vil være oppføring av enebolig, som vil overta bruk av garasjen fra eksisterende bolig. Dermed vil bruken av avkjørselen reelt sett forblir uendret. Det er tidligere ønsket å gi eneboligen utleiedel, dette er nå strøket fra prosjektet.

Det kan ikke sies å tale negativt for trafikksikkerhet eller statens vegvesens nullvisjon, at garasje som allerede har tilkomst fra avkjørselen endrer eier. Bruken av avkjørselen vil i realiteten ikke endres, da tiltaket medfører at det vil være den nye eneboligen som benytter garasjen og avkjørselen, i stedet for eksisterende bolig.

Både ved avslag og innvilgelse av søknaden her vil trafikksituasjonen være den samme: avkjørsel fra fylkesvei benyttes for tilkomst til garasje. Eneste forskjell vil her være *hvem* avkjørsel og garasje benyttes av. Hvem som bruker avkjørselen, eksisterende enebolig eller ny enebolig, kan ikke sies å være relevant for trafikksikkerheten.

[Framhald på neste side.]

Vedtaket i saken må dermed sies å være begrunnet med hensyn som ikke gjør seg gjeldende, all den tid trafikksituasjonen forblir uendret, og tiltaket i realiteten ikke medfører utvidet bruk.

SVV si vurdering av klaga


I SVV si vurdering av klaga, i oversendingsbrevet av 09.04.19, heiter det m.a følgende:

Vår vurdering av klagen

Hovedargumentasjonen i klagen er knyttet til at omsøkte tiltak ikke vil gi økt bruk av avkjørsel, dette er først vurdert. I tillegg har vi vurdert søknaden og klagen med bakgrunn i:
 – Rammeplan avkjørsler og byggjegranser på riks- og fylkesvegar i region vest 2017–2022 og planstatus.

Vil tiltaket øke antall boenheter som bruker enheten

Eksisterende bolig på gnr. 21 bnr. 443 hadde tidligere adkomst i omsøkte avkjørsel til fylkesveg 556, de har nå fått ny adkomst via kommunal veg Sælenvegen. Det argumenteres i klagen med at garasjen på eiendommen fortsatt benytter avkjørsel til fylkesveg, eiendommen har således to avkjørsler pr. i dag, en til fylkesveg 556 og en til kommunal veg. Vi legger til grunn at det er tilkomst via kommunal veg som er eiendommens/boligens hovedadkomst og at avkjørsel til fylkesvegen er mindre brukt. Dersom det tillates ny



Sort pil = ny avkjørsel til kommunal veg Sælenveien
 Grønn pil = omsøkte eiendom
 Blå pil = omsøkte avkjørsel til fylkesveg Straumevegen

boenhet på eiendommen vil den kun være tilknyttet avkjørsel til fylkesvegen og bruken av denne vil øke.

At eiendommen har fått tilkomst fra kommunal veg gir en bedre situasjon for trafiksikkerheten og framkommeligheten på fv 556, ved å tillate ny bruk av avkjørselen vil situasjonen forverres.

I denne saken vil et nytt hus gi endret bruk av avkjørselen, det er ikke avgjørende om bruken økes, men at den endres. I en hver ny sak skal dagens krav legges til grunn. Avkjørselen tilfredsstillers ikke dagens krav etter håndbok N100, den er heller ikke opparbeidet i tråd med regulert situasjon.

Rammeplan avkjørsler og byggjegranser på riks- og fylkesvegar i region vest 2017–2022

Rammeplanen er politisk vedtatt i Hordaland fylkeskommune. Den inneholder prinsipper og føringer for hvordan vi skal vurdere avkjørselssaker og brukes derfor i vårt vurderingsgrunnlag. Et viktig prinsipp for behandling av alle våre saker er at teknisk utforming av avkjørsler skal være i samsvar med håndbøkene N100 og V121.

I rammeplanen for avkjørsler og byggegrenser er fylkesveg 556 forbi omsøkt avkjørsel vist med streng holdningsklasse – viktig hovedveg med regional og overordnet lokal funksjon.

Det innebærer blant annet at:

- Antall avkjørsler til vegene skal være svært avgrenset.
- Nye avkjørsler, unntatt til primærnæring som er bundet til arealene, bør avklares i reguleringsplan. Valg av sted for avkjørsler må vurderes nøye med tanke på den framtidige arealutviklingen
- Godkjenning til utvidet bruk av avkjørsel bør avgrenses. Dette gjelder særlig for boligavkjørsler.

Reguleringsstatus

Eiendommen det søkes utvidet bruk av avkjørsel til er ikke regulert, men vises i kommuneplanen for Bergen (KPA2010) som bebyggelse og anlegg. KPA2010 har et generelt plankrav for alle tiltak innen dette formålet. Det kan gis unntak fra plankravet for mindre utbyggingstiltak på bebygd boligeiendom der forhold til transportnett, kulturverdier og lovverk er ivaretatt. I dette tilfellet er ikke forholdet til transportnettet avklart, tiltaket vil dermed ha plankrav.

På grunnlag av vurderinga opprettheldt SVV sitt vedtak, og rår til at klagenemnda ikkje tek klaga til følge.

Saksopplysningar

Fylkesrådmannen har tidlegare gjennomgått aktuelle føresegner i veglova og politiske føringar for SVV sitt arbeid.

Lovtekstene SVV viser til har utspring i veglova § 1 a. Denne lyder slik:

§ 1 a. Formålet med denne lova er å tryggje planlegging, bygging, vedlikehald og drift av offentlege og private vegar, slik at trafikken på dei kan gå på eit vis som trafikantane og samfunnet til ei kvar tid kan vere tente med. Det er ei overordna målsetting for vegstyremaktene å skape størst mogleg trygg og god avvikling av trafikken og ta omsyn til grannane, eit godt miljø og andre samfunnsinteresser elles.

0-visjonen, som er skildra i tidlegare saker, har si forankring i denne. Både Stortinget, Regjeringa og Fylkestinget har slutta seg til 0-visjonen.

Handbøkene som SVV viser til er vegnormaler med heimel i veglova § 13, som SVV viser til. Desse skal støtte opp om 0-visjonen.

Rammeplan for avkøyrslar- og byggjegranser på riks- og fylkesvegar i region vest 2017-2022 ('rammeplanen'), som SVV viser til, er fylkestinget si differensierte og detaljerte instruks for vurdering av m.a søknader om utvida bruk av avkøyrslar.

Fylkesrådmannen si vurdering

Den eksisterande bustaden på tomte kan i dag nytte avkøyrslar både til kommunal og fylkeskommunal veg. Når den nye bustaden er oppført vil, slik fylkesrådmannen oppfattar det, den eksisterande bustaden nytte avkøyrslar til/frå den kommunale vegen og den nye bustaden berre avkøyrslar til/frå fylkesvegen. Dette kom ikkje tydeleg fram av SVV si grunngjeving for vedtaket. Det kan forklare at klagar gjer gjeldande i klaga at «vedtaket i saken må dermed sies å være begrunnet med forhold som ikke gjør seg gjeldende».

Når SVV i si vurdering av klaga no har peika på ovannemnde moment, kan det ikkje vere tvil om at SVV har grunngeving i eit «*forhold som gjør seg gjeldende*». Etter fylkesrådmannen si vurdering er dette tilhøvet sentralt:

Det faktum at den nye bustaden ikkje vil ha eit alternativ til å nytte avkøyrsla til/frå fylkesvegen peikar i retning av at avkøyrsla vil bli brukt meir enn av noverande eigar, som like gjerne kan nytte avkøyrsla til/frå den kommunale vegen. Dette inneber, etter fylkesrådmannen si vurdering, at SVV ville handla i strid med både veglova § 1 a, Stortinget, Regjeringa og Fylkestinget ønskjer og rammeplanen om dei hadde godkjent den aktuelle søknaden.

SVV er i alle høve forplikta til å handsame nye søknader etter gjeldande regler, uavhengig av tidlegare vedtak.

Fylkesrådmannen rår på grunnlag av denne vurderinga til at klage av 04.12.18 frå Hilleren Prosjektering AS på vegne av Anders Glesnes over vedtak gjort av SVV 29.11.18 ikkje vert teke til følgje.